

## *Årsplan for barnehagen*

*2021 – 2022*

*Hylestad barnehage og Valle barnehage*

*Valle kommune*



## Innhald

Innleiing.....	3
Mål og satsingar for barnehagane i kommunen.....	4
Om barnehagen .....	5
Barnehagens formål og innhald.....	8
Å ivareta barns behov for omsorg .....	8
Å ivareta barns behov for leik.....	8
Fremje danning.....	9
Fremje læring.....	10
Fremje vennskap og fellesskap.....	10
Fremje kommunikasjon og språk .....	11
Barns medverknad.....	11
Samarbeid mellom heimen og barnehagen.....	11
Overgangar .....	12
Arbeidsmåttane til barnehagen og progresjon .....	13
Progresjon i arbeid med omsorg, leik, danning, læring, digitale praksis og fagområda .....	14
Fagområde.....	15
Barnehagen som pedagogisk verksemd - Planlegging, vurdering og dokumentasjon.....	17
Kalendar.....	18

## Innleiing

Med heimel i barnehagelova og forskrifta om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver skal barnehagen utarbeide ein årsplan:

*«I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivnadene til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.*

*Styraren skal leie prosessen med å utarbeide årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis. Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast. Ein skal synleggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i planleggingsarbeide, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt.. Det skal óg kome fram korleis barnehagen arbeider med tilvenning av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen». (Frå rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver kapittel 7. Barnehagen som pedagogisk verksemd, side 37-40)*

Mal for årsplan for barnehagar i Setesdal er til bruk for alle kommunale barnehagar i regionen. Det er tilrådd at ikkje-kommunale barnehagar brukar malen.

Mål med felles mal for årsplan for barnehagar i Setesdal er

- Å sikre alle barn eit barnehagetilbod av høg kvalitet
- Å auke kvaliteten i barnehagane
- Styrke barnehagen som læringsarena
- Å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen

Årsplan med progresjonsplan gir informasjon om dei overordna måla i barnehagelova og tiltaka barnehagen har for å nå desse. Personalet i barnehagen nyttar årsplanen som eit arbeidsdokument. Barnehagane utarbeider detaljerte planar som viser korleis barnehagen arbeider konkret med tiltaka som er fastsett i årsplanen.

Styringsdokument:

- Lov om barnehage
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver
- Vedtekter til barnehagen

Foreldre skal gjennom planane få eit godt innblikk i barnehagen sitt arbeid, og kunna sjå ein klar samanheng mellom føringane som ligg i rammeplanen og innhaldet i årsplanen til barnehagen.

Samarbeidsuvaltet skal fastsetje årsplanen til barnehagen.

## Nettverk Setesdal Oppvekst

Nettverk Setesdal oppvekst er eit kollegie- og fagsamarbeid forankra i kommunedirektørutvalet i Setesdal. Kommunar som deltek i nettverket er Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral.

Nettverket har ansvar for drift av

- styrarkollegiet i Setesdal
- rektorkollegiet i Setesdal
- møter med rektorar ungdomsskoler og vidaregåande skoler i Setesdal

Formål er kompetanseheving, kunnskapsutvikling, erfaringsdeling og lærande nettverk.

I styrarkollegiet deltek styrarar frå alle barnehagane og barnehagemyndigheit i kommunane i Setesdal. Styrarkollegiet har møte 1 gong haust og 1 gong vår.

Innhald i møta er

- Oppfølging av nasjonale føringar, regelverk og satsingar på barnehageområdet
  - korleis gripe nye nasjonale føringar – samanheng med eksisterande satsingar i barnehagen og vidareutvikling av barnehagen
  - Arbeid med implementering av rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver
- Erfaringsdeling – dele erfaringar frå arbeid med oppfølging av nasjonale føringar, implementering av rammeplan for barnehagen og arbeid med barnehagebasert kompetanseutvikling.
- Lærande nettverk – profesjonssamarbeid (Knut Roald).

## Mål og satsingar for barnehagane i kommunen

Valle kommune har to kommunale barnehagar, Hylestad barnehage og Valle barnehage. I kommunen bur det ca. 1200 innbyggjarar.

- Opningstida for barnehagane er 07.00- 1600.

Mål for barnehagane i kommunen

- Barnehageplass med kvalifisert tilbod til alle.
- Barnehagen skal bidra til tidleg innsats og sosial utjamning.

Satsingsområde

- Fokus barnehagemiljøet og Psykisk helse i barnehagen
- Fokus på språkarbeid.

Tiltak:

- Styrarnettverk
- For personalet: Felles gjennomgang av boka; «Forstå hvordan jeg har det inni meg når jer er ute av meg» av Nadina Peters og Anita Juveli
- For personalet: Gjennomgang av kompetansepakker frå udir – barnehagemiljø.
- For personalet: felles plandag med fire kommuner: Tema: Språkvansker.
- For barna: Bravoleiken.
- For barna: Leseglede og leselyst
- For barna: Vaksne som arbeider med barnehagemiljøet mtp på det dei lærer i kompetanseutviklinga + arbeide med vennskap og gode relasjonar.

**Informasjon om braveleiken:** <http://www.braveleiken.no>

Følg linken, så kan du lese meir om braveleiken. Me gjennomfører braveleiken kvar dag i tre månadar haust (sept, okt, nov) og tre månadar vår (febr, mars, april).

Barna blir introdusert for nye ord med små og store bokstaver på den eine sida og bilete av ordet på den andre sida. Barna får sjå og lese 25 nye ord kvar veke. Det er fire stasjonar der barna bruker fysisk kroppen sin på å forflytte seg mellom stasjonane, f.eks krype, hoppe, fly, rulle før dei gjennomfører neste stasjon. Den fjerde og siste stasjonen er ein puzzle-stasjon. Der får barna lukte, smake eller arbeide med ordet som står på den fjerde stasjonen. Der som det er bilde av kanel, så har personalet med krydderet og barna får erfare det. Dersom ordet er kald og varm, så får barna kjenne på ein kald og ein varm klut osv

### **Leseglede og leselyst**

Barnehagane hadde eit prosjekt i lag med skulen barnehageåret 2020/2021; leselyst og les glede. Dette fortsetter me med i år og. Ved bruk av bøker, høgtlesing og ulike leseaktiviteter i kvardagen skal barnehagen ha fokus på lesing.

Det å kunne lese er ein livsviktig kunnskap, og det å bli lest for har stor betydning for barns språkutvikling. Ordforrådet utviklast frå barnet sjølv har språk, og ved å bli lest høgt for får barna ein god start i språkkinnlæringa.

Barn med ulik bakgrunn, leseerfaring og språkmeistring får ein felles opplevelse gjennom lesing.

Mål:

- Alle barna bruker bøker dagleg og dei vaksne lesar for og med barna.
- Barna tek initiativ til å bli lest for.
- Lesing er ein del av leiken.
- Dagleg les glede gjennom høgtlesing og forteljing.

Personalet bruker personalmøter 3 timer ein gong pr månad på kveldstid til avdelingsmøter og kompetanseheving for personalet.

## **Om barnehagen**

Hylestad barnehage har ei barnegruppe på 24 barn fordelt på to avdelingar.

- Attistog er ei småbarnsavdeling med 9 barn. Personalet på denne avdelinga er: Vera Park, Hege Langeid, Aleksander Rysstad, Torbjørg Nomeland, Else Lind Løyland
- Systog er ei storbarnsavdeling med 14 barn. Personalet på denne avdelinga er: Silje Trydal, Liv Tone Åmlid, Knut Henrik Torgersen og Marit Sagnesgard

Valle barnehage har ei barnegruppe på 26 barn fordelt på to avdelingar

- Lislestog er ei småbarnsavdeling med 9 barn. Personalet på denne avdelinga er Siren Vestreimsteigen, Hilde Kiland-Bjåen, Johanne Horpestad, Jonas Ånestad.
- Gamlestog er ei storbarnsavdeling med 17 barn. Personalet på denne avdelinga er Jannicke Ruud, Marianne Voldseth, Ingeborg Løyland og Grete Rike Uppstad.

Personalet i begge barnehagane har felles personalmøter på kveldstid

## **Vår visjon: *Det er godt å vere meg!***

Me vil møte barnet sitt behov for omsorg og tryggleik. Barna skal oppleve at dei får vere ein del av fellesskapet i barnehagen og at dei har ein kvardag som er prega av trivsel, vennskap og lek.

Barnehagens verdigrunnlag:

### **Barn og barndom:**

Barndommen er min!

I barnehagen skal barna få lov til å utforske sjølv utan å bli for mye styrt.

Alle barna skal oppleve å bli verdsatt for den dei er, støttes av personalet for å sikre ein god barndom preget av trivsel, vennskap og lek.

Me skal sjå kvart enkelt barn og legge forholdene til rette så barna kan oppleve gode relasjonar. Dei vaksne har barnas beste som grunnleggande omsyn, og barna skal bli møtt som enkeltindivid, samstundes som dei får opplevingar i felleskap med andre. Det er i barndommen barna utforsker og lærer i samspill med andre, spesielt i lek, på deres initiativ og premisser. Her lærer de seg sosial kompetanse, de får selvtillit, et godt selvbilde, de danner vennskap, de øver opp omsorg for sine medmennesker og naturen, og erverver empatiske evner. Barn må ha rett til sin barndom, og rett til å være barn. Me ynskjer å verne om den viktigaste tida i eit menneskes liv — barndommen.

### **Demokrati:**

Vår barnehage skal vere eit sted som fremjar demokrati, at barna få vere i eit inkluderande felleskap kor dei får anledning til å ytre seg, bli høyrd og få delta. Barna skal bli møtt som eit sjølvstendig menneske. Uavhengig av alder og forutsetningar skal deira stemme bli lytta til. Me skal sørge for at barnas erfaringar og synspunktar får innflytelse på det som skjer i barnehagen.

### **Mangfold og gjensidig respekt:**

Barnehagen skal være eit sted som fremjar vennskap og fellesskap. Barna skal oppleve å være en betydningsfull person i fellesskapet. Barnehagen skal være preget av åpenhet og rausheit der mangfold brukes som en ressurs. Alle barna skal få oppleve å føle seg sett og anerkjent ved at personalet møter barna og arbeidar for å inkludere den enkelte i fellesskapet. Det enkeltes barnets plass og verdi i fellesskapet blir synliggjort ved at alle barn får samme fokus. Me skal synleggjere det kulturelle fellesskapet og barna skal få rom for eiga kulturskaping.

### **Likestilling og likeverd:**

Barnehagen skal motvirke alle former for diskriminering og fremme nestekjærlighet ved å arbeid aktivt med at alle barna får oppleve å høyre til i fellesskapet. Alle barna skal få like muligheiter til å delta i alle aktivitetar i barnehagen.

### **Berekraftig utvikling:**

Barnehagen skal vere ein stad som fremjar omsorg for verden me lever i både her og nå, og i framtida. Barna skal oppleve verdien av å ta vare på seg sjølv, andre og naturen. Barnehagen skal legge grunnlaget for barns evne til å tenke kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal oppleve naturen og bli kjent med dei variasjonar som er. Dei skal oppleve tilhøyrse til naturen slik at dei får erfaringar som gjer at dei vil take vare på naturen rundt seg.

### **Livsmeistring og helse:**

*”Å utvikle ferdigheter og tilegne seg praktisk kunnskap som hjelper den enkelte til å håndtere medgang, motgang, personlige utfordringer, alvorlige hendelser, endringer og konflikter på en best mulig måte. Å skape en trygghet og tro på egne evner til å mestre også i fremtiden.” (Prebensen & Hegestad, LNU, 2017)*

Me skal gje barna eit trygt og utfordrende miljø der barna kan prøve ut ulike sider ved samspill, fellesskap og vennskap. Me vil ruste barna til å takle det som møter dei i livet. Barna vil få støtte i å mestre motgang, håndtere utfordringer og bli kjent med egne og andres følelser. Barna læres også opp til å sei ifrå om dei ser andre blir plaget, eller sjølv blir mobbet.

Måltider og matlaging i barnehagen gir barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevaner. Våre måltid er i samsvar med Helsedirektoratets retningslinjer for mat og måltider i barnehagen.

Barnehagen er en arena for daglig fysisk aktivitet og fremme barnas bevegelsesglede og motoriske utvikling gjennom lek og planlagte turer i variert terreng. Vi legger til rette for barnas motoriske leik.

*«Gjennom den daglige og nære kontakten med barna er barnehagen i en sentral posisjon til å kunne observere og motta informasjon om barnas omsorgs- og livssituasjon. Personalet har et bevisst forhold til at barn kan være utsatt for omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep, og vite hvordan dette kan forebygges og oppdages. Personalet kjenner til opplysningsplikten til barnevernet, jf. barnehageloven § 22.» (Rammeplanen side 11)*

**Respekt for menneskeverdet** – Sjå andre og bli sett.

**Åndsfridom** – Rett til å være den du er.

**Nestekjærleik** – Gjer det lille ekstra for andre med handling og/eller med ord.

**Tilgiving** – Det er menneskeleg å feile, be om tilgiving, godta unnskyldninga og gå vidare.

**Likeverd** – Me er alle like mykje verd.

**Solidaritet** – Vise omtanke og støtte andre og kvarandre.

Det går fram av barnehagelova §1 at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og er forankra i menneskerettane.

Fagleg ansvarleg for årsplanen ved styrar Stine Haugeland

Årsplanen vart fastsett i barnehagen sitt samarbeidsutval 28.juni 2021



## Barnehagens formål og innhald


Frå forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver, kapittel 3, side 19-25.

<b>Å ivareta barns behov for omsorg</b>	<b>Slik gjer vi det i barnehagen</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre</li><li>• I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for</li><li>• Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Barna blir møtt med sensitive og omsorgsfulle vaksne.</li><li>• Vaksne gjev barnet tryggleik ved å vere nær, ha positiv kontakt, prate og gje ekstra merksemd i løpet av dagen.</li><li>• Me deler barnegruppa inn i mindre grupper</li></ul>

<b>Å ivareta barns behov for leik</b>	<b>Slik gjer vi det i barnehagen</b>
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• leiken ha ein sentral plass</li><li>• eigenverdien til leiken anerkjennast</li><li>• det vere gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur</li><li>• leiken vere ein arena for utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling.</li><li>• inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne</li><li>• bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – ålene og saman med andre.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Me organiserer dagen vår slik at det er god plass til leik både ute og inne.</li><li>• Dei vaksne gjev barna god tid til å starte og avslutte ein leik.</li><li>• Dei vaksne deltar i leik på barnas premissar og hjelper barna til deltaking i leiken.</li><li>• Me har fokus på at alle barn har nokon å leike med og nyttar leikegrupper som metode for å skape ein god leik.</li><li>• Personalet innreder barnehagen slik at det inspirerer til leik med tilfang til ulike utstyr.</li><li>• Me skal beskytte og bygge stillas kring ein god leik; vite når me skal vere med, trekke oss bort, og når me skal tilføre leiken noko nytt for å utvikle leiken.</li><li>• Me vaksne anerkjenner og støtter leiken.</li><li>• Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø.</li></ul>

Fremje danning	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda</li> <li>• bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske felleskap</li> <li>• fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp</li> <li>• bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for felleskapet</li> <li>• bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen</li> <li>• la barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna får vere delaktige i eit fellesskap og samarbeide med andre.</li> <li>• Reflektere saman med barna i etterkant av ting vi har opplevd, både ved gode og vonde opplevingar.</li> <li>• Fremje omtanke for andre gjennom å hjelpe kvarandre ved f.eks. måltid/garderobe.</li> <li>• Fokus på å kunne glede seg over andre si meistring.</li> <li>• Bruke glede og humor som virkemiddel til å ikkje ta seg sjølv så høgtideleg.</li> <li>• Bruke naturlege situasjonar i kvardagen til å filosofere/samtale saman med barna og undre seg over livet og ulike verdiar.</li> <li>• Oppmuntre alle barn til å gje uttrykk for eigne tankar og meiningar.</li> </ul>

# Lekesolen



Når du henter i barnehagen og spør barnet ditt hva det har gjort, svarer det ofte: «Jeg har bare lekt». Men det faktisk barnet ditt har gjort mens det har lekt er....

Fremje læring	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre</li> <li>• barna bli introdusert for nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling</li> <li>• nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane</li> <li>• barna få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt</li> <li>• barna få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna leiker seg til læring gjennom ulike aktiviteter i samhandling med andre.</li> <li>• Barna er aktive i læringsprosessar.</li> <li>• Vere i opplevelsen og la barna vise veg.</li> <li>• Gje barna tid til å reflektere.</li> <li>• Vere med å skape mening for barna.</li> <li>• Anerkjenne kreativitet, nysgjerrigheit og vitelyst.</li> <li>• Gjenkjenne og gje merksemd til barna sine læringsposesser.</li> <li>• Ha god balanse mellom styrte aktivitar og frie aktivitetar.</li> <li>• Skape eit godt språkmiljø ved vaksne som gjentar/bekreftar at dei forstår det barna prøvar å uttrykkje.</li> <li>• Nytte konkrete.</li> <li>• Alltid ha bøker tilgjengeleg.</li> </ul>

Fremje vennskap og fellesskap	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet</li> <li>• alle barn vere i positivt samspel med andre barn og vaksne</li> <li>• sjølvkjensla til barna støttast, samtidig som dei får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov</li> <li>• Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Me organiserer dagen i ulike grupper.</li> <li>• Vaksne observerer leiken og samhandlinga mellom barna for å lage best muleg trivsel og førebyggja mobbing.</li> <li>• Være støttande og oppmuntrande til nye relasjonar og inkludering i ei leikegruppe.</li> <li>• Vaksne blir kjende med barna slik at me kan støtte barnas sjølvkjensle.</li> <li>• Leikegrupper</li> <li>• Me gjev felles opplevingar.</li> </ul>

Fremje kommunikasjon og språk	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• barna gjennom dialog og samspel støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining</li> <li>• barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk verdsetjast og anerkjennast</li> <li>• alle barn få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen</li> <li>• alle barn få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomfører BRAVO-leiken.</li> <li>• Høgtlesing, songar, rim og regler.</li> <li>• Vere tilstade i den gode samtalen.</li> <li>• Setje ord på situasjonar, støtte barna i konflikhtar og setje ord på kjensler.</li> <li>• Bruke språket aktivt i lag med barna, setje ord på det me ser og det me gjer.</li> <li>• Tilføre nye omgrep og gi det eit innhald.</li> <li>• Fange opp, og støtte dei som har ulike språkvanskar.</li> </ul>

#### Kapittel 4 Barns medverknad s27 i rammeplandn

Barns medverknad	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• barna sin rett til medverknad sikrast</li> <li>• barna bli oppmuntra til å gi uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda til barnehagen</li> <li>• barna jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda</li> <li>• alle barna kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen</li> <li>• ein vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og mognad</li> <li>• barna ikkje få meir ansvar enn det dei er rusta til å ta</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere vaksne som lyttar og ser barnas ynskjer.</li> <li>• Gje barna val ut frå sine forutsetningar.</li> <li>• Endre på planer når me ser at interessa tek ein anna veg.</li> <li>• Anerkjenne barnas ynskjer og forklare kvifor det kan eller ikkje kan gjennomførast akkurat da.</li> <li>• Barnesamtaler med dei største. Dette kan og skje spontant i uformelle situasjonar der barn/vaksen har ein god samtale.</li> </ul>

#### Kapittel 5 Samarbeid mellom heimen og barnehagen s. 29 i rammeplanen

Samarbeid mellom heimen og barnehagen	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1 og forskrift om rammeplan for barnehagen kap. 5 ( side 29-30)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Møte og sei hei i garderoben når foreldre og barn kjem om morgonen.</li> <li>• Informasjon om det pedagogiske arbeidet gjennom årsplan, foreldremøter og månadsbrev.</li> <li>• Foreldresamtalar 1g pr halvår.</li> <li>• Oppstartsamtale for nye barn i løpet av dei to første vekene etter at barnet har starta.</li> <li>• Gjensidig informasjon i bringe- og hentesituasjon for barns beste.</li> <li>• Gjerne ekstra samtaler ved behov.</li> </ul>

## Kapittel 6 Overganger s. 33 i rammeplanen

Overganger	Tiltak – slik gjer vi det i barnehagen
<p><b>Når barnet begynner i barnehagen</b> Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god oppstart i barnehagen</li> <li>• tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn</li> <li>• personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avtale tid for tilvenning.</li> <li>• God informasjon.</li> <li>• Barnet blir først kjent med sin tilknytningsperson i lag med ein av foreldra.</li> <li>• Tilvenningsperioden er vanlegvis ca 3-5 dager, men kan forlengast ved behov.</li> <li>• Foreldra informerer om barnet; soverutinar mm og leverer eit helseskjema ved oppstart.</li> <li>• Besøke barnehagen fleire gonger før oppstart</li> </ul>
<p><b>Overganger i barnehagen</b> I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• personalet sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personalet når eit barn byter barnegruppe.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna har sin «gamle» garderobeplass fram til nytt barnehageår starter.</li> <li>• Gå på fleire besøk til ny avdeling i løpet av sommaren.</li> <li>• Vaksne på den nye avdelinga tek ekstra kontakt i utetida.</li> <li>• Foreldresamtale om overganger frå liten til stor avdeling.</li> </ul>
<p><b>Overgangen mellom barnehage og skule</b> Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.</li> <li>• ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.</li> <li>• gi dei eldste barna høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samheng mellom barnehagen og skulen.</li> <li>• leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen.</li> <li>• bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner</li> <li>• la barna bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigen plan for overgang barnehage-skule.</li> <li>• Skulen inviterer til prøveskule i juni. Då får barna være på skulen i litt lengre tid og kjem tilbake til barnehagen etterpå. Det er skulen som har ansvaret for denne dagen.</li> <li>• God dialog og informasjon mellom pedagogisk leiar i barnehagen og 1.klasse-lærer på skulen.</li> <li>• Me bruker heftet: Lekbasert læring i barnehagen som ein del av opplegget i førskulegruppa.</li> <li>• Barna er med på å planlegge sin eigen avslutningsfest i barnehagen.</li> <li>• Avslutningstur.</li> </ul>

Frå rammeplanen kapittel 6. Overganger ( side 33-34)

<b>Arbeidsmåtene til barnehagen og progresjon</b>	<b>Tiltaka våre – slik gjer vi det i barnehagen</b>
<p><b>Arbeidsmåtene til barnehagen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• skal ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke.</li> <li>• Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtene skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide i små grupper.</li> <li>• Tilknytningsvaksne/barn.</li> <li>• Dele inn i aldersinndelte grupper.</li> <li>• Variere mellom leik og vaksenstyrt leik i grupper.</li> <li>• Lytte til enkeltbarn og spørje opne spørsmål.</li> <li>• Me tilpassar aktivitetane etter kvart enkelt barn sine behov.</li> <li>• Lager vekeplaner for å variere opplevingar i kvardagen samtidig som det er trygt og forutsigbart..</li> <li>• Observere og evaluere innhaldet for å sikre at barna blir ivaretatt.</li> </ul>
<p><b>Progresjon i barnehagen inneber at</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang</li> <li>• alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet</li> <li>• barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring.</li> <li>• barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø.</li> <li>• barna skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Observere barna.</li> <li>• Legge til rette for nye erfaringer.</li> <li>• Vere bevisste vaksne som ser.</li> <li>• Tilpasser aktiviteter/opplegg som gjev framgang.</li> <li>• Endre på planer ved behov.</li> <li>• Viktig at personal har kunnskap om barns utvikling og læring.</li> </ul>




### Progresjon i arbeid med omsorg, leik, danning, læring, digitale praksis og fagområda

Progresjonsplanen viser korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring, digital praksis og dei sju fagområda, slik det står i forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet til barnehagen.»

«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna»

Barnehagen er bygget på fire grunnpilarar. Grunnpilarane er Omsorg, leik, danning og læring. Det må vere likevekt /samsvar mellom desse fire områdene. Alle er like viktige.



Fagområde	Praksisen til barnehagen – slik gjer vi det:		
	1-2 år	3-4 år	5-6 år/skulestartarar
Kommunikasjon, språk og tekst	<ul style="list-style-type: none"> <li>Barnas språk støttes ved benevning, bekrefting, og gjentakelse av ord på det barnet gjer, ser og føler.</li> <li>Introduseres for bøker, billedbøker og peikebøker.</li> <li>Bravo er eit verktøy for omgrepslæring.</li> <li>Vi leiker, improviserer og eksperimenterar med alle sanser med rim, regler, rytme, lyd og ord.</li> <li>Konkreter i eventyr.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dei vaksne lesar tekstbøker og fortel eventyr.</li> <li>Barna får kjennskap til bokstaver</li> <li>Oppmuntres til å sette ord på kjensler.</li> <li>Gjenfortelle.</li> <li>Lærer nokre rim og regler og songar utenat.</li> <li>Bravo er eit verktøy for omgrepslæring.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lager egne historier.</li> <li>Erfare bokstaver og grunnleggjande omgrep.</li> <li>Strukturerte barnesamtaler og personalet er aktive samtalepartnere.</li> <li>Skrive navnet sitt.</li> <li>Jobbe aktivt for å gje barna eit språkstimulerande tilbod der høgtlesing, forteljning, song og samtale formidlast på ein spanande og engasjerande måte.</li> </ul>
Kropp, rørsle, mat og helse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Individuelt kosthold som er sunt og variert og introduseres for nye smaker.</li> <li>Tilpassa søvn, kvile og aktivitet ut i frå egne behov.</li> <li>Varierte sanseopplevingar.</li> <li>Kroppskontroll, variera rørsleerfaringar ute og inne.</li> <li>Kjenner at det er trygt og godt å vera meg.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Barna prøver sjølv- ete, kle seg, gå på do ol.</li> <li>Vidareutvikle eit sunt og godt kosthold prøve å smøre maten sjølv og smake på ny mat.</li> <li>Barna får erfaringar i forhold til egne og andres grenser til eigen kropp og kjensler.</li> <li>Utvikle gode vanar for hygiene, vaske seg etter dobesøk og før mat.</li> <li>Vidareutvikle grov- og finmotorikk gjennom variera aktivitetar ute og inne.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Barna kler seg sjølv, dei smørar maten sjølv.</li> <li>Får kunnskap om kroppen og respekt for eigen og andres kropp.</li> <li>Er trygg på kroppen.</li> <li>Kjennskap til kor maten kjem frå, produksjon av mat og vegen frå mat til måltid og er med på matlaging.</li> <li>Kjenner mestring ved meir utfordrande, motoriske aktivitetar som f.eks klatre i tre</li> <li>Opplever tilhørighet og trivsel i fellesskapet.</li> </ul>
Kunst, kultur og kreativitet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Få erfaring med ulike materialer.</li> <li>Introduserast for tradisjonskultur og barnekultur.</li> <li>Introduserast for ulike musikk, sang og rørsle.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Erfaring med ulike materialer, teknikkar, verktøy og teknologi</li> <li>Varierte musikkopplevingar.</li> <li>Dramatisere eventyr og bli lest for, rolleleik.</li> <li>Få inspirasjon til kreativitet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Respekteres for sin barnekultur.</li> <li>Vidareutvikle sin eigen kreativitet og får skape sjølv.</li> <li>Meir avansera teknikkar og detaljer.</li> <li>Skape egne historia.</li> <li>Erfare forskjellige musikkformar og uttrykk.</li> <li>Får erfaring med lokal kulturhistorie på til dømes Setesdalsmuseet.</li> </ul>
Natur, miljø og teknologi	<ul style="list-style-type: none"> <li>Undrer seg ute i naturen med forskjellige element og dyr/blomar.</li> <li>Gode varierte opplevingar ute, motorisk.</li> <li>Erfaring med vær og vind.</li> <li>Sanseopplevingar i naturen.</li> <li>Enkle eksperiment.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utforske nærmiljøets mangfoldige dyre- plante- og insekts liv.</li> <li>Får ein byrjande forståing for korleis vi tek var på naturen, til dømes søppelsortering og respekt for natur og dyr.</li> <li>Får moglegheit til å vere ute, utforske og bli kjend med naturen.</li> <li>Eksperimentere.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kjennskap til naturens endring og årstider.</li> <li>Kjennskap til kroppen, dens funksjoner og liv og død.</li> <li>Enkel fysikk og kjemi gjennom eksperimentar.</li> <li>Nærare kjennskap til samspel i naturen, forståing og respekt for dyr og planter.</li> </ul>
Mengd, rom og form	<ul style="list-style-type: none"> <li>Introdusert for ulike telleregler.</li> <li>Varierte sanseopplevingar.</li> <li>Namngje matematiske omgrep</li> <li>Sortere form, størrelse og farge.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bruker kroppen til å utvikle romforståing.</li> <li>Erfare og reflektere med ulike matematiske materialer.</li> <li>Eksperimentere med mønster, størrelser, mengder mm.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bruker «Lekbasert læring i barnehagen» som omfatter: <ul style="list-style-type: none"> <li>Tall og telling</li> <li>Geometri</li> <li>Størrelse, mønster sortering</li> <li>Måle,</li> </ul> </li> </ul>



		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Spele spel.</li> <li>• Peketelle og telleregler.</li> <li>• Erfare pengar gjennom butikkleik.</li> <li>• Dagleg matematikk.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vekt, høgde og volum</li> <li>- statistikk</li> </ul>
Etikk, religion og filosofi	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Anerkjening for den dei er.</li> <li>• Voksenstøtte til å forstå normer og regler.</li> <li>• Lære å dele og syne omsorg.</li> <li>• Erfare og markere høgtider.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undring, tenking og gode samtalar.</li> <li>• Kjennskap til og markering av høgtider.</li> <li>• Utvikle evne til empati.</li> <li>• Sette ord på eigne kjensler.</li> <li>• Kjenne igjen andres kjensler.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Respektere kvarandre.</li> <li>• Forstå verdien av likheter og ulikheter i eit fellesskap.</li> <li>• Lære om og markere høgtider.</li> <li>• Sette grenser for seg sjølv og kjenne til andres grenser.</li> <li>• Kjennskap til at mine haldningar gjer noko med andre.</li> <li>• Kjennskap til religionar og livssyn.</li> </ul>
Nærmiljø og samfunn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Meg og min familie.</li> <li>• Trygge på seg sjølv, dei vaksne og dei andre barna i barnehagen.</li> <li>• Vere ein del av fellesskapet.</li> <li>• Vere med å markere 17. mai og samedagen.</li> <li>• Forut aksjonen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjennskap til lokale tradisjonar og historie.</li> <li>• Bli kjent barnehagens nærmiljø.</li> <li>• Få kjennskap til og markere 17. mai og samedagen.</li> <li>• Forut aksjon.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forståing for lokale tradisjonar, skikkar og historie.</li> <li>• Prate om likestilling og likeverd.</li> <li>• Haldningsskapande arbeid mtp diskriminering, rasisme og fordommer.</li> <li>• Vere ein del av eit samfunn, gjennom erfaringar og utfordringar.</li> <li>• Bli kjent med institusjonar og stader i nærmiljøet.</li> <li>• Lære om nasjonaldagen.</li> <li>• Vite om minoritetsgrupper, samar og samisk kultur.</li> <li>• Samle inn penger til andre. Forut-aksjon.</li> </ul>

## Barnehagen som pedagogisk verksemd - Planlegging, vurdering og dokumentasjon

Område	Barnehagen skal	Slik gjer vi det i barnehagen
Planlegging	Gjennom planlegging synleggjere korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av barnehagen.	Me lager årsplan og ein periodeplan for barnehageåret.  Gjennom månadsbrevva får foreldra meir detaljert informasjon om tema/planer for perioden. Foreldra får informasjon frå dagen gjennom dagbokpost i Visma
	Basere planlegginga på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Ho skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.	Observere barna og legge til rette for nye erfaringer.  Være bevisste vaksne som ser og justerer.  Tilpasser aktiviteter/opplegg som gjev framgang og endre på planer ved behov.  Foreldresamtaler, foreldreråd og s.u.
Vurdering	Regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet	Evaluere det pedagogiske arbeidet på kvart avdelingsmøte
Dokumentasjon	Dokumentere korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjonen skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.	Lage og henge opp dokumentasjon som bilete eller tekst som er lett synleg for foreldra og barna.  Me dokumenterer prosessen og bruker den dokumentasjonen i samtale med barna og reflekterer saman med dei.  Foreldra får dokumentasjon gjennom dagbokpost i Visma

## Kalendar

<b>Kalendar</b> Oversikt over viktige aktivitetar og kulturhendingar i barnehagen dette året	
<b>Dato</b>	<b>Innhald</b>
16.august	Plandag – barnehagen er stengt
17.august	Plandag – barnehagen er stengt
19.august	Nytt barnehageår starter.
September	Foreldremøte. Informasjonsmøte for alle foreldre.
Oktober	Temaarbeid ei veke. Forut barneaksjon. Foreldra blir invitert til bhg for å kjøpe/betale noko til inntekt til aksjonen.
22.oktober	Plandag – barnehagen er stengt.
November	Vitjing av Riksteater
Desember	Advent, Lucia, nissefest, julemiddag
3.januar	Plandag – barnehagen er stengt
Februar	Markere fastelavn og karneval
6. februar	Markere Samefolkets dag
Mars	Markere barnehagedagen
Mars	Ski- og akedag
April	Påskefrukost. (foreldra blir invitert til å ete frukost i barnehagen)
April	Vitjing av Riksteater
10.mai	Markere verdens aktivitetsdag
27.mai	Plandag – barnehagen er stengt
Mai	Ryddedag før 17.mai
Juni	Avslutningsfest for førskulebarna med foreldre
Juni	Foreldrekaffe (foreldra blir invitert på kaffe i bhg (ca 14.30-15.30)



# Setesdal regionråd



## Bykle kommune

Sarvsvegen 14  
4754 Bykle  
T: 37 93 85 00



## Valle kommune

Kjellebergsvegen 1, Postboks 4,  
4747 Valle  
T: 37 93 75 00



## Bygland kommune

Sentrum 18  
4745 Bygland  
T: 37 93 47 00



## Evje og Hornnes kommune

Kasernevegen 19  
4735 Evje  
T: 37 93 23 00



## Åseral kommune

Gardsvegen 65  
4540 Åseral  
T: 38 28 58 00